

10 år sidan gang og sykkelvegen opna, 16.12.2010.

Ynskjer med dette innlegget og takka alle som bidrog til at gang og sykkelvegen Haugland -Hufthamar vart bygd. 2.03.06 skreiv eg lesarinnlegget, Gang og sykkelsti før døden, i Marsteinen. 1.02.07 kom innlegget Gang og sykkelsti før døden 2. Etter begge desse innlegga vart det kritikk for språkbruken, i innlegga. Eg hadde sjølv opplevd og bli pressa av vegen på veg til jobb med sykkel, og var nær ved og miste kone og barn, og var sikker på at sterke ord måtte til for å få dette til.

I februar 2007, var samferdsle utvalet i HFK, i Austevoll. Karine Drønen og fekk møta utvalet på ein busstur frå Haugland til Hufthamar, og fekk fortelja dei om ulykker og nesten ulykker på strekninga. Våren 2007 laga Karine Drønen og eg og familiane våre, ein film som viste korleis trafikken påverka mjuke trafikantar. Eg oppretta nettstaden Huftahamar.no, la ut filmen der og Karine la filmen ut på YouTube.

7.06.07 kunne me lesa i Marstein om eit spleiselag for å få til prosjektet. Dette førte ikkje til noko.

28.06.07 var det ein reportasje i lokalavisa, der Karine, Trond Hagenes og eg gjekk frå Haugland til Huftahamar. Trafikktryggleik var fokus i saka.

13.09.07, skreiv Marsteinen om då eg fekk visa filmen me laga om den trafikkfarlege vegen, i kommunestyre, og om aksjonane me planla om ein ikkje fekk i gang arbeidet. Me fekk støtte frå blant anna, Knut K Kalvenes og Helge Andre Njåstad lova og visa filmen til vegstyresmaktene.

15.11.07 kunne me lesa i Marsteinen at Statens Vegvesen, skal setja i gang planlegging av gang og sykkelveg frå Haugland til Hufthamar. Same dato er det ei lita annonse på framsida av Marsteinen der det sto: Kjør omsynsfullt til ferja: www.hufthamar.no

22.11.07, står det i ein notis i lokalavisa at Tore Hufthammer er lykkeleg, etter at samferdeselministeren har lova at prosjektet med gang og sykkelveg frå Hufthamar til Haugland skal realiserast. Denne lovnaden kom frå Liv Signe Navarsete under opninga av Austevollsbrua.

10.07.08, kunne ein lesa i Marsteinen at kommunen har vedteke oppstart av reguleringsplan.

19.01.10, var det oppstart av arbeidet med gang og sykkel vegen.

16.12.10, var det offisiell opning på ferje kaien, med korps og snorklipping. Blant dei frammøtte var blant anna: ordførar Helge Andre Njåstad, Fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg og Statens vegvesen. Etter opninga var det kaffi og kaker på kommunehuset, eg fekk blomar utdelt frå Torill og Helg Andre. I Marsteinen veka etter, litle juleafta kunne me lesa om opninga, og på leiar, skreiv Trond Hagenes, at engasjement nyttar.

Frå første lesar innlegget vart skrive, og til gang og sykkelvegen vart opna gjekk det knapt 5 år. Eg vil takka lokalavisa Marsteinen, for mange artiklar og reportasjar om saka. Av politikarar var det spesielt, dåverande ordførar Helge Andre Njåstad og Edvard Johannes Stangeland som verkeleg brydde seg om saka, og også jobba opp mot sentrale politikarar, slik eg oppfatta det. Helge Andre var heime hos oss ved fleire høve i samband med saka, og viste heile tida stor vilje for å få dette til. Han hadde ein unik måte å få med seg andre, for få framgang for saka. Må og leggja til, at då finanskrisa slo inn over oss, hausten 2008, vart det gitt pengar til mange prosjekt som var under planlegging. Nettsida, Hufthamar.no og dokumentasjonen som var der hadde og stor betydning. Nettsida er no tatt i bruk igjen for å vinna kampen for rettferdige ferjeruter.

At gang og sykkelvegen har spart liv er eg ikkje i tvil om. Me opplever framleis svært høg fart frå bilar som er seine til ferja, men gåande og syklende er no beskytta. Ønskjer alle ei riktig god jul og eit godt nytt år. Køyr varsamt og omsynsfullt. Tore Hufthammer.

